

Arvid Villanger
Rossnesvegen 414
5937 Bøvågen

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3769 - 22/44329

Saksbehandlar:
Mikkel Bengtsson
mikkel.bengtsson@alver.kommune.no

Dato:
09.06.2022

Avslag på søknad om godkjenning av vald – gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger

Administrativt vedtak: Saknr: 655/22

VEDTAK:

Med heimel i Forskrift om forvaltning av hjortevilt §9 gjev Alver kommune avslag på søknad om godkjenning av Villanger hjortevald på gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger.

Saka gjeld

Arvid Villanger, Jon Mikkelsen og Arve Rosnes søker i brev dagsett 25.04.2022 om å oppretta nytt hjortevald på eigedommane gbnr. 418/9 og 6, 418/19, 418/30, Villanger.

Medlemmer i valdet:	Adresse	Gnr/bnr	Teljande Areal
Arve Rosnes	Rossnesvegen 481, 5937 Bøvågen	418/19	26,7
Jon Mikkelsen	Rossnesvegen 455 5937 Bøvågen	418/30	1,7
Arvid Villanger	Rossnesvegen 414, 5937 Bøvågen	418/9 og 6	354,2
Totalt samanhengande areal			382,6

Søknad er vedlagt kart over kvar gbnr. og underskrift frå jaktretts håvare. Utnemt vald ansvarleg representant er Arvid Villanger, Rossnesvegen 414, 5937 Bøvågen. Valdets namn er Villanger Hjortevald. Der vert søkt om eit teljande areal på 382,6 daa.

Det vert opplyst at søkerar i dag ikkje er medlem i noko vald og det vert ikkje jakta på eigendomar.

Det teljande areal på 382,6 daa vurderast til å vere eit samanhengande og avgrensa vald som overstig det lokale minsteareal for hjort.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no


Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Willy Villanger skal stå for jakta i valdet. Han jaktar for fleire grunneigarar i nabokommunen Austrheim og feller mellom 20 og 30 hjort i året. Valdet har såleis den kompetanse og erfaring som skal til for å jakta på forsvarleg måte.

VURDERING:

I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt § 9, krav til vald for jakt på elg, hjort og rådyr skal valdet være samanhengande og ha en avgrensing som gjer det brukbart til jakt på elg, hjort og/eller rådyr. Valdet må omfatte et teljande areal som minst tilsvara minstearealet for vedkommande hjorteviltart. Jaktrettshåvare skal oppnemnde vald ansvarleg representant som opptrer på vegne av valdet overfor kommunen.

Det søkte hjortevald oppfyller ikkje kravet i §9 med omsyn til å vere et samanhengande jaktbart areal. Hjortevaldets teigar liggjer fordelt på eit større geografisk områda. Valdet kan derfor ikkje godkjennast da dette krav ikkje er oppfylt.



I samsvar med Forskrift om forvaltning av hjortevilt §11 skal kommunen utøve skjønn når de vurderer valdets form og avgrensing, og ta i betrakting at det som hovudregel er forvaltningsmessige fordele med store enheter. Der vor strukturen på valdet (avgrensing, form, størrelse) er til hinder for en rasjonell og effektiv viltforvaltning, bør kommunen i samarbeid med jaktrettshåvare arbeide for betre ordningar.

Hjortevaldets form og avgrensing vurderast problematisk med omsyn til rasjonell og effektiv viltforvaltning spesielt med omsyn til konfliktnivå og redusert samarbeid mellom grunneigarar i områda. Administrasjonen oppfordra grunneigarar til, i samarbeid med Radøy nord hjortevald, å finne ei løysing ved å bli oppretta som jaktfelt i nemnda hjortevald trots hindringar av privatrettsslik karakter.

Regelverk

FOR-2016-01-08-12: Forskrift om forvaltning av hjortevilt.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønsker. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 22/44329

Med vennleg helsing
Alver kommune, Landbruk

Laila Bjørge
Avdelingsleiar

Mikkel Bengtsson
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Arvid Villanger

Rossnesvegen 414

5937

Bøvågen